



Fakultetene ved dekan og fakultetsdirektører
Universitetsmuseet

Referanse

2017/5887-ANØY

Dato

16.06.2017

Forskningsrådets krav om arkivering og open tilgang til forskningsartiklar

Noregs forskingsråd har sendt eit brev til norske institusjonar som har prosjekt finansiert av Forskningsrådet. Bakgrunnen er ein gjennomgang av graden av etterleving av open tilgjengeleggjering av artiklar som er publisert som del av slike prosjekt.

Sidan 2013 har Forskningsrådet stilt krav om at alle vitenskaplege artiklar som er resultat av forskning heilt eller delvis finansiert av Forskningsrådet skal vere opent tilgjengelege. Dette er nedfelt i Forskningsrådets kontraktvilkår. Dersom kravet ikkje vert oppfylt, kan Forskningsrådet halde tilbake midlar inntil artiklane er eigenarkivert.

Det er to måtar å realisere kravet om open tilgang til publiserte artiklar.

1. Open publisering av artiklar enten i reine Open Access-tidsskrift eller i abonnementstidsskrift som tilbyr open publisering av enkeltartiklar.
2. Eigenarkivering av ein fagfelleurdert versjon av ein publisert artikkel i eit institusjonelt eller fagspesifikt arkiv.

Forskningsrådet krev at alle artiklar vert eigenarkivert, også dei som vert opent publisert.

I sin gjennomgang har Forskningsrådet undersøkt i kva grad artiklar som er del av prosjekt har vorte lasta opp i CRISStin. Ved opplasting av fulltekstartiklar i CRISStin, vert dei automatisk overført til dei institusjonane som er kreditert på publikasjonane. For forfattarar som har kreditert UiB, vert artiklar overført til UiBs institusjonelle arkiv BORA (bora.uib.no). Sjølv om det er andre måtar å eigenarkivere artiklar på, tilrår Forskningsrådet at opplastingsfunksjonen i CRISStin vert brukt.

Status ved UiB

Brevet frå Forskningsrådet (datert 10.05.2017) bed UiB om å sørge for at artiklar frå prosjekt finansiert av Forskningsrådet i størst mogleg grad vert eigenarkivert.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Brevet inneheld ein tabell med nøkkeltal for UiB. Forskingsrådet skil mellom artiklar som er registrert med Forskingsrådets prosjektnummer i CRISStin (982) og det totale talet på artiklar som er rapportert til Forskingsrådet (2485).

For artiklar som er registrert med Forskingsrådets prosjektnummer bed Forskingsrådet om at manglande artiklar vert lasta opp i løpet av 6 månader. Brevet frå Forskingsrådet inneheld eit vedlegg med oversikt over kva artiklar dette gjeld.

For artiklar i pågåande eller nyleg avslutta prosjekt der Forskingsrådets prosjektnummer ikkje er registrert, vert UiB oppmoda om å registrere prosjektnummer på desse i CRISStin og laste dei opp.

Vidare arbeid

Universitetsbiblioteket har eit etablert system for å handtere artiklar som vert lasta opp i CRISStin. Desse artiklane vert overført til BORA der rettane til artiklane vert klarert før eventuell tilgjengeleggjing.

Det er samstundes slik at det er forfatarane sjølv som må laste opp artiklane sine i CRISStin for at dei skal kunne gjerast tilgjengelege i BORA. Det er to grunnar til det:

1. For artiklar publisert i abonnementstidsskrift vil det som oftast berre vere den aksepterte versjonen som kan tilgjengeleggjerast. Denne versjonen er det forfatar sjølv som har.
2. Forfatar må ved opplasting godkjenne ein avtale om tilgjengeleggjing, og dette er ein føresetnad for at artiklane skal kunna gjerast tilgjengelege.

For å kunne etterleve kravet frå Forskingsrådet er ein såleis avhengig av at forfatarane sjølv lastar opp sine artiklar i CRISStin.

Eigenarkivering av artiklar

For å kunne etterleve Forskingsrådets krav om tilgjengeleggjing er det viktig at korrekt versjon av artiklar vert lasta opp i CRISStin. Dersom artikkelen er opent publisert med ein Creative Commons-lisens, kan endeleg publisert versjon lastast opp. For artiklar publisert i abonnementstidsskrift, er det derimot den aksepterte versjonen som må lastast opp. Dette er versjonen av artikkelen etter fullført fagfellevurdering, men før utgjevars formatering.

Dersom publisert versjon av artiklar i abonnementstidsskrift vert lasta opp, vil dei ikkje kunne gjerast tilgjengelege i BORA.

Rettleiing for opplasting av artiklar i CRISStin er tilgjengeleg her:

<http://www.uib.no/ub/71770/egenarkivering-av-artikler>

Informasjon og hjelp

Universitetsbiblioteket kan gjerne kome ut til fagmiljø for å informere om Forskingsrådets retningslinjer. Me vil også kunne svare på spørsmål om artikkelversjonar, retningslinjer for utgjevarar, klarering av rettar og liknande. Kontakt oss på bora@uib.no.

Ansvar

| Aktivitet | Utførande | Tid |
|----------------------------|---------------------|---------------------|
| Mottatt brev frå NFR | NFR | Mai 2017 |
| Informasjon dekanmøte | UB | Juni 2017 |
| Eigenarkivering | Forfattarar ved UiB | Juni-september 2017 |
| Verifisere eigenarkivering | UB | Oktober 2017 |
| Verifisere eigenarkivering | NFR | November 2017 |

Venleg helsing

Maria-Carme Torras
bibliotekdirektør

Heidi Annette Espedal
avdelingsdirektør,
Forskningsadministrativ avdeling

Vedlegg 1: Brev frå NFR

Vedlegg 2: Liste over prosjekt ved Universitetet i Bergen og status for enkeltartiklar

Vedlegg 3: Forskningsrådets prinsipp for open publisering